

Informasjonsfoldar

Vikebygd barnehage 2018-2019

Kommunal barnehage i same eining som skulen.
Vik skule og barnehage



Opningstid: 06.45 – 16.30

Kjøp av tid:

Dersom det er ledig plass og nok vaksne, kan du kjøpa ekstra dagar. Kr. 290,- pr.dag.

Ta kontakt !

Tlf. til barnehagen 53 65 57 39

E-mail og tlf.

anne.byrkja@vindafjord.kommune.no tlf. 45610931
anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no tlf. 53655730/92241257

ME I VIKEBYGD BARNEHAGE ØNSKJER AT ALLE I BARNEHAGEN SKAL:

- Bry seg om og ta vare på kvarandre
- Reagera på urett
- Lytta til andre
- Melda behov
- Leike
- Få vener
- Få gode opplevingar

TRADISJONAR I VIKEBYGD BHG:

- Karneval - for alle
- Påskelunsj
- 17.mai – ”øving” før den store dagen
- Vårfest for besteforeldre
- Avslutningstur for skulekameratane
- Fest med overnatting for skulekameratane
- 6-åringane på besøk på skulen
- 1 klasse på besøk til barnehagen
- Nissemarsj
- Lucia-feiring
- Julefrukost for foreldra



PLANLEGGING / EVALUERING

Me brukar personalmøte til planlegging og evaluering. Månadsplan/periodeplan vert sendt ut. Verksemda vert evaluert til ei kvar tid, og me gjer justeringar når det trengs.

SATSINGSOMRÅDA

«Vera Saman», som var eit av satsingsområda til Haugalandsløftet, ligg til grunn i det daglige arbeid med barna. Me skal heile tida vera «varme og grensesetjande vaksne».

Dette barnehageåret vert «psykologisk førsthjelp» ekstra satsingsområdet hos oss. I dette arbeidet brukar me begrepa raude og grøne tankar, og små bamsar som illustrerer dette. Me brukar også vennebøkene med vennekort og følelseskort.

I 2018/19 held alle barnehagane i kommunen fram med kurs og implementering av den nye rammeplanen som kom i mai 2017.

Kommunen jobbar også med BTI, Betre Tverrfagleg Innsats. Dette er ein samhandlingsmodell for tverrfagleg samarbeid for barn og unge. Me vil jobbe vidare for å implementere dette i 2018-2019.



TURAR

Me brukar nærmiljøet aktivt når me går på tur, me brukar og lavvoen og gym.sal. Me ynskjer at borna skal få positive opplevingar knyta til å bruke kroppen sin i naturen. Dei får motoriske erfaringar som er gull verdt. Vidare får dei ulike sanseopplevingar, dei lærer å ta omsyn til kvarandre og me får felles opplevingar og byggjer positive relasjonar og vennskap. På turdagane vil me dette året oftast ete lunsj ute.

FORELDRESAMARBEID:

Lov om barnehagar seier: «Barnehagen skal gje barnet gode utviklingsmoglegheiter, i nær forståing og samarbeid med barnas heim.»

Vikebygd barnehage sitt foreldresamarbeid:

1. Dagleg kontakt ved bringing og henting
2. Foreldresamtalar og foreldremøte
3. Foreldreråd (alle foreldre/føresette)
Arbeidsutval i foreldrerådet
Anna Høviskeland og Beate Håland Valt hausten 2016
4. Samarbeidsutval saman med skulen. Barnehagen sine representantar:
Anna Høviskeland og Beate Håland

INFORMASJON:

- Vedtekter: Blir delt ut til alle nye føresette
- Årsplan: Blir delt ut til alle nye føresette og til dei som ynskjer det.
Den ligg på nettsida til Vikebygd barnehage.
- Informasjonsfoldar blir delt ut til alle.
- Løyve og Informasjon til alle nye.
- Månadsplan/periodeplan til alle føresette.
- Div. skriv frå kommune / barnehage
- Bilete vist på flatskjerm i garderoben
- Bilete på minnebrikke-tilbod om å kjøpa kvar vår.

SAMARBEID MED ANDRE:

- PPT: samarbeid og rettleiing til foreldre og personalet i arbeidet med barna
- Barne og familierettleiar
- Barnevern
- "Oppvekstteam" (barnehageleiar, styrar, PPT, helsesøster, barne og familierettleiar, barnevernet) samarbeid av førebyggjande art
- Skulen, kyrkja, biblioteket
- Høgskulen Stord Haugesund/Haugaland Opplæringskontor

HOVUDMÅL:

Lov om barnehagar seier:

- «Barnehagen skal gje barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetssmoglegheiter. »

Årsplanen vår seier:

- Vi vil ha barn som er delaktige og sosialt handlingsdyktige.

Vi jobbar elles i tråd med:

- Rammeplan for barnehagar
- Årsplan for barnehagen (fastsett av Samarbeidsutvalet)
- Kommunale vedtekter og avgjerder

VIKTIG FORELDREHUSKELISTE

- Ta kontakt med personalet når barnet kjem og når det blir henta.
- Lukk alltid porten att ved hente og bringe situasjon!.
- Me må ha beskjed/løyve frå foreldra om andre skal henta barnet!
- De har sjølv ansvaret for barnet når han / ho er henta.
- Gi beskjed dersom barnet er heime eller kjem seinare til barnehagen, så snart de kan innan kl.09.30.
- Når barnet er i barnehagen, må han / ho vera frisk nok til å kunne vera ute og leika.
- Merk barnet sine klede, sko osv. og hugs klede og sko for både sol, regn og snø, samt nok bytekledde. Ta med dress / regnkledde til vask kvar veke, eller ved behov. Alle må ta med alt av klede heim i feriane til barnet.
- Ha eventuelt bleier liggjande i barnehagen.
- Barnet sin bursdag blir feira med krune og song.
- Hugs å ta med all info. me legg i hylla i indre garderobe, les gjennom og gi oss gjerne tilbakemelding.
- Spør oss dersom de treng ekstra dagar. Me skal gjera så godt me kan!

BARN OG PERSONELL I VIKEBYGD BHG. 2018 - 2019

Vikebygd barnehage har ca. 3,8 årsverk. Det er 14 barn i barnehagen dette barnehageåret.

Namn	Stilling	%
Anne Byrkja	Styrar/ped.leiar	100
Anne Marte W. Tveit	Einingsleiar	17,5
Ellen Skretteberg	Assistent	77,5
Anne Wenche Vik	Fagarbeidar	100
Lene Bjerga	Førskulelærer	42
Hjørdis M. Vårvik	Assistent	40

Aud Mansåker, Rong Zeng, Brit Jorunn H. Veastad, Cathrine Hamre Tindeland og Jenny Haraldseid

Teieplikta, som personalet har skrive under på, skal sikra at personlege forhold ikkje kjem ut til uvedkomande!

PLANLEGGINGSDAGAR 2018-2019

(5 planleggingsdagar i løpet av året)

1.Mandag 24.09.18

2.Fredag 16.11.18

3.Fredag 01.03.19

4.Fredag 31.05.19

5.Onsdag 14.08.19

Barnehagen er stengt på planleggingsdagar.

Vedtekter, barnehagerute og anna informasjon om barnehagane i Vindafjord kommune finn ein på <https://www.vindafjord.kommune.no> under fana :Oppvekst, skule og familie

